

Fra: tore gjerstad <toregjerstad@yahoo.no>
Sendt: torsdag 15. september 2022 13:57
Til: Postmottak Alver
Emne: Fw: "Innspel til komunneplanen"
Vedlegg: Kartutsnitt arealplan.pdf

Emne: "Innspel til komunneplanen"

Sender med dette inn innspel til komunneplanen.

Som eigarer og drivere av Gnr.88 bnr 1, ber me om at det vert lagt til rette for vidare utvikling av eigendomen i forbindelse med ny komunneplan for areal.

Gnr 88 bnr 1 vert drevet som eit jordbruksforetak med produksjon av mjølk (135000 liter kvote 2022), samt produksjon av storfekjøtt og livdyrsalg. Landbruket har vert igjennom store strukturforandringar samt stor effektivisering dei siste tiåra. Når me overtok garden og drifta her i 2003, var det 10 gardsbruk i bygda (Hundvin) som produserte mjølk, når det kun ein igjen (oss). Me driver betydelige areal i bygda, og sørger for å holde kulturlandskapet ope.

Med dagens utvikling av priser på innsatsfaktorer i drifta (straum, diesel, kraftfor, emballasje, maskinvedlikehold m.m), er det behov for å ha fleire bein å stå på, for å forsatt kunne drive garden.

Det har dei siste åra, blitt svært populært med norgesferie og overnatting nært naturen. Me eig ei betydelig strandlinje 4,5 - 5 km inn mot Lindåsosane og Fjellangervågen. Me ynkjer å legge til rett og kunne tilby overnatting i små enkle hytter, gjerne med bare eit eller to rom, med mykje glas, for å slippe naturen inn. Det er tenkt ein maks størrelse på 14,9 m² og ingen innlagt vatn og kloakk, men heller eit felles sanitær anlegg. Straum til belysning er tenkt ved hjelp av solceller og små batteripakker, hyttene skal vera "off-grid" Det er tenkt at "hyttene" skal byggjes enkelt, ingen grunnarbeid, ingen behov for maskinarbeid, og svært lite naturinngrep. Har stor fokus på å bevare den flotte furuskogen i område, og "gjemme" hyttene inni den. På garden har me betydelig megnder med skog og gardsag, dette vil vere ei viktig resurs for byggingen av hyttene, dei skal vere "kortreist" og lite "fotavtrykk" i klimasamanheng. Det er også fokus på at det ikkje skal vere mulig å sjå at det har stått ei hytte på område, om det skulle vere behov for å fjerne dei.

Det er snakk om 8- 10 hytter.

Det må også legges til rette for at gjester har tilgang til sjøen, i form av kanoer og små robåter.

Mvh

Tore Gjerstad og Elisabeth Veland Gjerstad